

¶ Michael Barnes. *Faroese Language Studies*. Studia Nordica 5. Oslo: Novus Forlag. 2001. NOK 239. pp. 239. ISBN 82-7099-335-2.

Med mellom 50 000 og 60 000 talarar er færøysk det minste av dei fem nordiske språka. Dessutan er færøysk det nordiske språket som det er skrive minst om. Dette gjeld ikkje minst grammatikken. Trass i at det har kome nokre framstillingar av det færøyske språket i det siste, som t.d. *Ein ferð inn i føroysket* (1993) av Davidsen et al. og i boka *Nordiska: våra språk förr och nu* (1997) av Barödal et al., er det symptomatisk at Lockwood sin grammatikk frå 1955 framleis er halden som den handboka i færøysk. Sant nok finst det ein ny grammatikk, *Faroese. An Overview for Students and Researchers* (1998) av Petersen et al., men han er vanskeleg å få tak i ettersom han berre ligg føre i manus. Derfor er det svært gledeleg at det norske forlaget Novus har teke initiativet å gje ut *Faroese Language Studies* av Michael Barnes, professor i nordisk ved University College i London.

I *Faroese Language Studies* samlar Barnes brorparten av artiklane han har skrive om færøysk språk. Ved sida av innleiinga, der Barnes gjer greie for siktemålet med boka, inneheld *Faroese Language Studies* ni artiklar. I desse artiklane går han inn på sentrale problem i færøysk grammatikk. Det viser seg at Barnes er særleg interessert i syntaks, sjå artiklane (3), (4), (5) og (7), men med tre artiklar, nemleg (1), (6) og (8), er semantikken vel representert, òg. Dei to andre artiklane er mindre og handlar om historisk fonologi (2) og kodifiseringa av færøysken (9). Artiklane, som er skrivne mellom 1981 og 1998, er ordna kronologisk. Det er synd for ei tematisk ordning ville sikkert tent den indre samanhengen i boka. Boka sluttar med ei fullstendig oversikt over Barnes sine publikasjonar innafor færøysk språkvitskap.

Ettersom alle artiklar har kome på prent før er det neppe naudsynt å saumfare dei. I stad vil eg kort drøfte problemstillingane og

gjere greie for metode og resultat. I denne meldinga kjem eg til å avgrense meg til dei syntaktiske og semantiske studiane.

1. Dei syntaktiske studiane

I dei syntaktiske studiane går Barnes inn på fire sentrale problem i færøysk syntaks, nemleg refleksivering i (3), subjekt og oblik kasus i (4), ordstilling i leddsetningar i (5) og den såkalla null-subjektparameteren i (7).

I studien om refleksivering i færøysk, d.e. (3), står tre saker i fokus. Først gjer Barnes omstendelig greie for bruken av (anaphore) refleksivar, så omhandlar han refleksivitet i infinitivkonstruksjonar, og til slutt tek han for seg refleksiv binding utafør sitt eige domene. Barnes går presist til verks, og analysen er tydeleg og klar. Det som gjer at denne studien er så interessant er at han gjer detaljert greie for dei situasjonane, der det finst ei viss vakling mellom refleksiv- og possessivpronomenet og dei refleksive uttrykka som er tvitydige. For resten er dette ikkje typisk for færøysk for også i norsk varierer språkbruken mykje (jf. Faarlund et al. 1997:1160ff.).

(4) Handlar om preverbale nominal i oblik kasus, dvs. dativ eller akkusativ. Målet med denne studien er å kaste lys over statusen desse PVON-ane har; skal dei sjåast som subjekt eller ikkje. For å få greie på dette har Barnes utarbeidd ein del testar og lagt fram dei for ei gruppe morsmålstalarar. Etter å ha gjort greie for nokre grunnleggjande problem drøftar han tretten syntaktiske bevis for at PVON-ar er subjekt. I tillegg presenterer han morfologiske bevis for at PVON-ar er subjekt. Særleg dei sistnemnde bevisa er interessante for det dreier seg om sær færøyske fenomen, som bruk av nominal i nominativ ved sida av PVON ved visse verb, og bruk av akkusativ objekt i staden for nominativ objekt som i islandsk. Det må seiast at bevisføringa er klar og overtydande. Veikskapen ved denne studien er berre at det manglar kvar form for statistikk. Så nemner Barnes ikkje kor mange informantar han hadde eller korleis dei svarte, noko som gjer at ei fråsegn som: "Some accepted them

without comment, others only grudgingly, and a few not at all.” (s. 121) heng i lause lufta.

Så går Barnes over til ordstilling i leddsetningar i (5). Dette er ei nokså komplisert sak i færøysk grammatikk, men bortsett frå ei mangelfull utgreiing i Lockwood (1955) fanst det i 1987 ikkje nokon litteratur om dette emnet. I denne studien prøver Barnes å kartleggje dei viktigaste prinsippa som styrer ordstillinga i leddsetningar, som han set kil, verb i tredje posisjon og topikalisering i fokus ved. Jamvel om Barnes elles unngår å drøfte data innafør noka teoretisk ramme, tyr han til “government and binding” her. Framstillinga er detaljert og derfor at han set dei tre ovannemnde mønstra i mot kvarandre får ein eit bra bilete av syntaksen i leddsetningar.

Det som går igjen i dei syntaktiske studiane er at færøysk ikkje er så lik islandsk som dei fleste språkvitarane trur. I røynda samsvarer færøysk no med islandsk no med dansk. Dette kjem tydelegast for dagen i artikkel (7). I førstninga verkar denne artikkelen å handle om forskingsstoda når det gjeld færøysk syntaks. Men når det kjem til stykket testar Barnes dei skilnadene som skal finnast mellom dei insulærnordiske og dei kontinentalnordiske språka. Det dreier seg om seksten for det meste syntaktiske skilnader som ifølgje Holmberg & Platzack (1988) heng saman med stillinga til null-subjektparameteren. Barnes viser at færøysk ikkje svarer til islandsk men til dansk i halvparten av dei seksten tilfella, m.a. når det gjeld førekomsten av prenominal genitiv av fulle NP-ar og pseudopassivar. Barnes konkluderer med at færøysk er eit språk i endring med omsyn til dei fenomenene som er knytte til null-subjektparameteren. Det vil likevel ikkje seie at færøysk er i ferd med å “bli” eit kontinentalnordisk språk. Ifølgje Barnes er endringane heller eit resultat av påverknad frå dansk. Det er mykje å seie for denne forklaringa for dansk har jo stått veldig sterkt på Færøyane i fleire hundreår. Dessutan har Thomason & Kaufman (1988:74-76) synt at syntaktiske strukturar kan lånast inn i mottakarspråket ved

langvarig språkkontakt.

2. Dei semantiske studiane

Eit anna interessefelt er semantikken eller sambandet mellom syntaks og tyding, som Barnes kallar det (s. 5). Det dreier seg her om tre studiar som alle tre er gjorde på grunnlag av eit korpus av tekstar.

I to av desse semantiske studiane, nemleg (1) og (8), granskar han bruken av dei færøyske preposisjonane *fyrí* 'for, føre' respektive *við* 'med, ved'. Dette er særleg interessant ettersom desse preposisjonane styrer fleire enn ein kasus. Begge styrer både dativ og akkusativ, sjølv om *fyrí* i sær avgrrensa målestokk kan ta nominativ, òg. Målet med desse studiane er å kartleggje dei ulike tydingsrelasjonane som *fyrí* og *við* uttrykkjer, og kva for kasus desse preposisjonane styrer i ei viss tyding. Når det gjeld *fyrí* identifiserer Barnes tolv ulike tydingar der preposisjonen styrer akkusativ og ti som *fyrí* tek dativ i. Skilnaden mellom *fyrí* + akkusativ og *fyrí* + dativ synest å vere rørsle versus tilstand, men Barnes innrømmer utan vidare at det finst ein del unntak på dette prinsippet. Ulik *fyrí* styrer *við* for det meste dativ. I ikkje mindre enn ti tydingar styrer *við* dativ, medan bruk av akkusativ er avgrrensa til to tydingar. Jamvel om også denne studien er grannsam gjennomført, så diskuterer Barnes slett ikkje samhøva mellom tydingane der *við* tek dativ på den eine sida og akkusativ på den andre.

Den tredje semantiske studien, d.e. (6), handlar om eit interessant, men nokså perifert fenomen, nemleg modalverbet *munna* (jf. Lagervall 2001). Lockwood spanderer mykje oppmerksomheit til verbet *munna* i grammatikken sin utan å kunne tydeleggjere kva verbet eigentleg uttrykkjer. Målet med denne studien er å bestemme kva verbet tyder for så å kunne kartleggje funksjonane som verbet har. På grunnlag av materialet sitt meiner Barnes at *munna* i første hand formidlar tvil. Verbet svarer såleis til dei norske adverb *nok* og *sikkert*. Står *munna* (i preteritum) med supinum i staden for infinitiv

er situasjonen likevel ein annan. Barnes fann belegg på to ulike konstruksjonar som kvar synest å ha sin eigen funksjon:

1. *mundi* + supinum, som uttrykkjer 'near miss' dvs. at hendinga nesten fann stad;
2. *mundi havt* + supinum, som blir brukt i kontrafaktiviske setningar og uttrykkjer irrealis.

Sjølv om Barnes sitt mål var å kartleggje tydinga til *munna*, så forsømmer han å forklare korleis tydingane tvil og 'near miss' heng saman. Dette er eit interessant problem ettersom denne todelinga er karakteristisk for *munna* jamført med dei andre modalverba (jf. Lockwood 1977:144ff.).

3. Konklusjon

I og for seg er det ei gåte kvifor Barnes valde å utelate studien om det såkalla konsubjektet i dansk, færøysk og norsk, dvs. Barnes (1981), for akkurat i denne studien gjev han seg sanneleg i kast med sambandet mellom syntaks og semantikk. Men trass i denne og andre innvendingar som eg har lagt fram ovanfor kan eg trygt konkludere med at *Faroese Language Studies* er både ei bra og viktig bok. Etter mi meining har det færøyske språket vore undervurdert lenge, og i denne samanhengen er det på tide at det kjem ei bok på marknaden som utelukkande handlar om færøysk. Det faktum at Barnes drøftar sentrale problem i færøysk grammatikk gjer at studiane ikkje berre er interessante for oss som er særleg opptekne av det færøyske språket, men for nordistar og lingvistar i det heile. Artikkane er velskrivne, detaljerte og dessutan legg dei fram interessante idear, noko som kjem deskripsjonen av færøysk til gode.

Ron Propst, Rijksuniversiteit Groningen

Bibliografi

- Barðdal, Jóhanna, Nils Jörgensen, Gorm Larsen & Bente Martinussen. 1997. *Nordiska. Våra språk förr och nu*. Lund, Studentlitteratur.
- Barnes, Michael P. 1981. Some thoughts on the “consubjectum” in Danish, Faroese and Norwegian. I: *Scandinavian Studies* 53, 447-67.
- Davidsen, Kári, Jonhard Mikkelsen & Anker Eli Petersen. 1993. *Ein ferð inn í føroysket – eitt sindur um mállæru fyri leik og lærd*. Tórshavn: Føroya Skúlabókagrunnur.
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie & Kjell Ivar Vannebo. 1997. *Norske referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Holmberg, Anders & Christer Platzack. 1988. On the role of inflection in Scandinavian syntax. I: *Working Papers in Scandinavian Syntax* 43, 51-76.
- Lagervall, Marika. 2001. *Modala hjälpverb i modern färöiska*. Ms Göteborgs Universitet.
- Lockwood, W.B. 1977 [1955]. *An Introduction to Modern Faroese*. Tórshavn: Føroya Skúlabókagrunnur.
- Petersen, Hjalmar P., Jógvan í Lon Jacobsen, Zakaris S. Hansen & Höskuldur Thráinsson. 1998. *Faroese. An Overview for Students and Researchers*. Ms Tórshavn & Reykjavík.
- Thomason, Sarah Grey & Terrence Kaufman. 1988. *Language Contact, Creolization and Genetic Linguistics*. Berkeley - Los Angeles - Oxford: University of California Press.